



DEN NORSKE KYRKJA

Skodje sokn

Årsrapport 2025 Skodje sokn

Årsmeldingar og årsregnskap



Innhald

Årsmeldingar frå aktivitetane i soknet.....	4
Innleiing.....	4
Soknerådet.....	5
Visjon.....	5
Meir himmel på jord	5
Om soknerådet.....	7
Viktige saker i 2025.....	7
Underutval og arbeidsgrupper	7
Utval.....	7
Arbeidsgrupper.....	7
Gudstenester og kyrkjelege handlingar	8
Statistikk Skodje sokn	8
Kyrkjelydsarbeidet.....	8
NaMU-arbeidet.....	9
Institusjonsandakter	9
Temakveldar	9
Spor av tru.....	9
Soknepresten sine refleksjonar	10
Trusopplæring og barne- og ungdomsarbeid.....	11
Breiddetiltak i 2025	11
Faste aktivitetar i 2025.....	13
TweensTorsdag	14
Samarbeid med barnehage og skule.....	15
Konfirmantarbeidet.....	16
Diakoni.....	17
Kyrkjeklubben.....	18
Musikk- og kulturlivet i kyrkjelyden	19
Kantor si verksemd	19
Instrumenta i kyrkja.....	19
Rekruttering og kurs.....	20
Misjon	21
Misjonsavtalar	21
Samarbeid med Misjonsalliansen	21
Samarbeid med Det Norske Misjonsselskap (NMS).....	21

Kyrkjestovekomitéen	22
Skodje kyrkjekor.....	23
Samarbeid med Ørskog sokn	25
Felles gudstenester	25
Frivilligfest 2025	25
Årsmelding etter §12 i forskrift om økonomiforvaltning i sokn i Den norske kyrkja	26
Soknerådet.....	26
Tilsette og stillingar	26
Økonomien til soknet	27
Driftsinntekter	27
Utgifter	28
Framovermelding	28
Likestilling i sokneråd og stab.....	29
Årsregnskap 2025	30

Årsmeldingar frå aktivitetane i soknet

Innleiing

Skodje kyrkje er ei langkyrkje frå 1860. Kyrkja er bygd i tømmer og har plass til om lag 350 personar. Skodje kyrkje vart vigsla 08.11.1860.

Altartavla vart opphavleg laga til den gamle kyrkja av kunstnaren Jakob Sørensen Giskegaard, betre kjend som *Tavle-Jacob*. I samband med 50-årsjubileet i 1910 fekk kyrkja sitt første orgel.

Kyrkja har gjennomgått fleire restaureringar og oppussingar opp gjennom åra. I 1908 vart interiøret endra, og i 1960 fekk kyrkja ei omfattande oppgradering der golvet vart lagt i trekvitt. I 1970 vart det sett inn glasmåleri på sideveggene i koret, utforma av arkitekt Solem og glasmeister Rasmussen.

Til Skodje kyrkje høyrer det ein gravplass som ligg i tilknytning til kyrkja.



Skodje kyrkje
Foto: Torild Granhaug

Soknerådet

Visjon

Meir himmel på jord

Den norske kyrkja er ei vedkjennande, open, tenande og misjonerande folkekyrkje, som vitnar i ord og gjerning om frelse, fridom og von i Jesus Kristus.

I strategidokumentet til Den norske kyrkja står det at kyrkja opnar rom for tru, ho er der livet vert levd og ønskjer å vere meir for fleire.

Kyrkjelyden er eit ope, deltakande og inkluderande fellesskap der menneske blir utfordra til tru og aktiv teneste. Slik ønskjer kyrkjelyden å synleggjere og arbeide for at kyrkja ikkje berre er eit bygg, men ein levande organisasjon som er der for den enkelte, bygger fellesskap og utfordrar til teneste for Gud og menneske.

Den norske kirkes strategi for 2022–2029	 Kirken åpner rom for tro	 Kirken er der livet leves	 Kirken er mer for flere
 Kirken for den enkelte	Forkynner evangeliet til mennesker gjennom hele livet	Styrker kirken som kulturarena og forvalter av kulturarv for alle generasjoner	Gir tilhørighet og skaper gode møteplasser og fellesskap fysisk og digitalt
 Kirken i samfunnet	Fremmer verdier som utfordrer og som bygger et godt samfunn for alle	Bidrar til å virkeliggjøre bærekraftsmålene – lokalt, nasjonalt og globalt	Motvirker utenforskap og utforsker nye måter å være kirke på
 Kirken som organisasjon	Styrker gjennom sin organisering en levende og nærværende folkekirke	Samhandler med organisasjonslivet, andre tros- og kirkesamfunn, offentlige, private og ideelle aktører	Skaper en mangfoldig, rekrutterende og inkluderende arbeidsplass og frivillighetsarena



Søndagsgudstenesta - møtestad for alle

Vi ønskjer at unge og eldre, familiar og einslege, innfødde og innflyttarar skal kjenne seg heime i kyrkja, og oppleve gudstenesta som eit møte med Gud og med kvarandre. Dette skjer ved å involvere mange i planlegging og gjennomføring av gudstenesta.

Kjærleiken er størst

Vi vil bygge relasjonar der vi i fellesskap kan vekse i kjærleik til kvarandre, til vår neste og til Gud. Vi vil gjennom trusopplæringa la born og unge i Skodje få oppleve det største av alt: kjærleiken.

Omsorg / diakoni

Alt vi gjer i kyrkjelyden skal vere prega av diakonal omtanke for kvarandre, for skaparverket og for dei underpriviligerte i verda. Alle menneske skal møte kyrkja si omsorg ved dei store milepælane i livet: dåp, konfirmasjon, vigsel og gravferd.

Dialog mellom tradisjon og nytenking

Vi vil ta vare på dei gode tradisjonane, men våge å la uttrykksmåtar og arbeidsreiskapar fornyast for å nå vidare ut til menneske i vår tid. Å engasjere lokale krefter, særleg ungdom innafor kyrkjemusikk, song og korverksemd, ser vi som viktig kyrkjelydsarbeid.

Jesus i sentrum

All forkynning og undervisning skal styrke trua på den treeinige Gud, og ha sitt sentrum i Han som er trua sin opphavsmann og fullendar, Jesus. Misjonsavtalane er ei konkretisering av vårt misjonsengasjement.

Engasjert trusliv

Vi vil skape arenaer for bibelbruk, samtale og felles bøn, og gi eit breitt tilbod om livsnære og trygge smågrupper. Vi vil stimulere til å dele livserfaringar, og hjelpe kvarandre til å sjå Guds fotavtrykk i den einskilde si livshistorie og kvardag.

Om soknerådet

Knut Bjune vart vald til soknerådsleiar i 2025. I april søkte han om permisjon i samband med flytting ut av soknet, til Bergen og nærare barnebarna. Arnstein Sæthre, som då var nestleiar, gjekk dermed inn i rolla som leiar. Bente Vadset vart vald til ny nestleiar for resten av året.

Tove Solheim Kristensen er soknerådet sin representant i Ålesund kyrkjelege fellesråd. Arnstein Sæthre er vara.

Viktige saker i 2025

- Kyrkjestoveprosjektet
- Innkjøp av nytt flygel til kyrkja
- Kyrkjebasar
- Frivilligheit

Underutval og arbeidsgrupper

Skodje sokneråd har ansvar for å setje i verk tiltak på ulike område i kyrkjelydsarbeidet. Samstundes er det korkje mogleg eller ønskeleg at rådsmedlemmane skal stå for all verksemd på eiga hand. For å sikre ei god og effektiv styring, legg rådet vekt på å samordne, planleggje og initiere tiltak, heller enn å bruke møtetida på detaljert sakshandsaming eller operativt grunnlagsarbeid i alle saker.

Ein viktig del av soknerådet sitt arbeid er å *rekruttere medarbeidarar* som kan bidra i dei ulike oppgåvene og aktivitetane kyrkjelyden driv. I tillegg har rådet ansvar for å *sikre økonomisk grunnlag* for drifta, enten gjennom tilskot, gåver eller andre inntektskjelder. Gjennom denne måten å arbeide på kan soknerådet sørge for at kyrkjelydsarbeidet både er godt organisert og berekraftig over tid.

Utval

- Arbeidsutvalet
- NaMu-utvalet
- Diakoniutvalet

Arbeidsgrupper

- Basarkomité
- Kyrkjekaffi-gruppe
- Kyrkjestovekomité

Gudstenester og kyrkjelege handlingar

Statistikk Skodje sokn

Kva	2022	2023	2024	2025
Tal på gudstenester søn- og helgedagar	38	40	38	41
Tal på gudstenester utanom søn- og helgedagar	15	6	9	6
<i>Totalt antal gudstenester i Skodje sokn</i>	<i>53</i>	<i>46</i>	<i>47</i>	<i>46</i>
Totalt frammøte på gudstenester søn- og helgedagar	3 342	4 023	3 610	4 053
Gjennomsnittleg antal deltakarar på gudstenester søn- og helgedagar	88	101	95	98
Totalt frammøte på gudstenester utanom søn- og helgedagar	1 463	1 059	1 384	717
Gjennomsnittleg antal deltakarar på gudstenester utanom søn- og helgedagar	98	177	154	120
<i>Totalt frammøte på gudstenester</i>	<i>4 805</i>	<i>5 082</i>	<i>4 994</i>	<i>4 770</i>
Tal på gudstenester med nattverd	27	26	28	36
Tal totalt til nattverd	989	890	913	1 008
Dåp	30	40	35	45
Konfirmerte	40	70	47	43
Vigsel	6	4	13	10
Gravferder	22	21	34	29
Utmeldingar	13	23	11	12
Innmeldingar	2	1	0	0
Antal medlemer i Den Norske Kyrkja	3 722	3 763	3 788	3 786

Kyrkjelydsarbeidet

Statistikken kan gi oss ein liten peikepinn på tilstanden som kyrkjelyden er i. Det totale antal frammøte på alle gudstenester er relativt stabilt. Konfirmantkulla varierer i antal og det påverkar sjølvsagt statistikken når det gjeld total oppslutnad. Om vi ser på gudstenesteoppslutnaden på søndag - og helgedagar held den seg jamt.

Det ein likevel kan seie er at vi har ein god og stabil stab av frivillige og som saman med dei tilsette fungerer godt også i gudstenestesamheng. Rytmen i gudstenestelivet har vore to formiddagsgudstenester og ei kveldsgudsteneste i månaden. Kveldsgudstenesta har ikkje hatt veldig god oppslutnad. I 2026 er denne gudstenesta flytta til ein vekedag, for å sjå om det kan fungere like bra eller betre.

Andre søndagar som slit med oppmøte er paradoksalt nok dei store festetidene; påske og pinse. Det vart vedtekene å slå saman feiringa med Ørskog sokn og alternere annakvart år mellom kyrkjene i dei to sokna. Påska vart feira i Ørskog med 77 frammøtte. Pinsa var i Skodje kyrkje og hadde 34 frammøtte.

NaMU-arbeidet

NaMu – utvalet har bestått av forutan soknepresten, Janne Bjune og Elisabeth Bjørdal Leine. Etter at ekteparet Bjune har flytta så har ikkje NaMu – utvalet vore samla. Det har heller ikkje vore gjort framstøyt på å få andre inn i utvalet. Tida skulle tilseie at ein var klar til ei ny undersøking, men kapasitet og mannskap er utfordringa.

Institusjonsandakter

Annankvar veke er det andakt i stova på Ådalen Allé. Her kjem ei fast kjerne på mellom 8 – 12 bebuarar som gled seg til besøk av kantor og prest. Nokre gonger har vi måtte innhente vikarar grunna kolliderande arrangement. Dei set stor pris på besøket. På Soms (Skodje omsorgssenter) har vi fått beskjed om at bebuarane er såpass “skrale” at det fungerer dårleg med andaktsstund. Kanskje kunne nokon vitja dei med song og musikk..?

Temakveldar

Også dette året har vi hatt temakveldar omlag ein gong i månaden utan ferietida og i advent. Tema har vore spreidd med kulturelle innslag som fortelling om Peder Fylling si livshistorie til tematikkar rundt jødar som det gløynte misjonsoppdrag til denne folkegruppa. I høve 1700 års jubileet for den Nikenske truvedkjenninga var det også tema ein av kveldane. Oppslutninga varierer, men er jamnt over god med med rundt + - 20. Det er ofte ei fast stamme, fleire som gjerne er knytt til andre samanhengar.

Spor av tru

I 3 – 4 år har soknepresten hatt dybdeintervju i godstolen i kordøra i adventstida. Spor av tru har blitt litt snakkis, og ein del ser fram til å høyre desse gjestane fortelje frå liv, oppvekst, tru og juletradisjonar. Vanlegvis er det to intervjuobjekt som har fått plass i adventstida. Dette året vart det berre Magne Fremmerlid. Det var godt oppmøte, og som alltid er folk veldig fornøgd med desse kveldane. Konseptet innbyr til nære møter med menneske sitt liv når dei byr på seg sjølv. Dette er også forkynning i ei anna form. Her er det det personlege vitnesbyrdet som trer fram i eit livserfaringar. Kvar kveld har det også vore ein eller fleire musikalske gjestar, og dette året var det vår eigen kantor Marc Labruijere som spelte og akkompagnerte Magne.

Soknepresten sine refleksjonar

Å vere sokneprest inneber mange menneskemøte i veldig ulike samanhengar. Det er sagt at soknepresten er ein slags generalist som får møte både barn og unge og eldre og døyande. Vi får vere med i heile livsløpet. Dette er utrolig fint!

Skodje sokn er trass mykje tilflytting fortsett eit bygdesamfunn der mange kjenner mange, og har lange røter i bygda. Særskilt merkar ein dette ved gravferder. I året som gjekk og det året som vert omfatta av neste årsmelding har det vore mange gravferder. Og eg registrerer at fleire går oftare til kyrkje i desse anledningane enn kva mange trufaste kyrkjegjengarar elles gjer. Det fortel noko om omsorg, og eit samansveisa samfunn. Men også at kyrkja har ei sentral og viktig rolle i sorg og den siste seremonien i livet.

Elles merkar alle i staben på at Skodje sokn har fleire trufaste og dedikerte frivillige medhjelparar. Som står på og er positive og begeistrar. Vi merkar også at kyrkja og kyrkjelyden er ein god plass å vere i. Det er også tilbakemeldingar vi får frå andre som berre er innom.

Alle aktive i kyrkjelyden merkar seg nok særskilt to ting som bekymrar og utfordrar. Det eine er avgrensingane som lokalitetane gir. Ei over 160 år gamal kyrkje gir ikkje mykje spelerom for aktivitetar av ulike slag. Kvar gong det skjer noko anna enn korøvingar eller kyrkjelege seremoniar må ein improvisere og ommøblere. Det er ei stor belastning for stab og frivillige. Vi ser fram til at ei kyrkjestove kan kome på plass.

Den andre bekymringa er at kjernen i kyrkjelyden har svært lite tilsig av nye og yngre som sluttar seg til gudstenestelivet og deltek som frivillig i dei andre aktivitetane. Dette til trass at i dette soknet bur dei med lågaste snittalder av sokna i regionen. Kva kan vi gjere for å dra fleire inn i kyrkje – og gudstenesteliv? Det er sikkert ei utfordring med fleire svar. Men vi skal ikkje vere redd for å prøve nye ting, og halde fast på det som verkar.

Nøkkel i alt trur eg handlar om relasjonar og eit frimodig trusliv. Vi må våge å fortelje og dele evangeliet og kva Jesus betyr i våre liv, i opp og nedturar. For det er ikkje å få folk inn i eit kyrkjebygg som er hovudmålet. Men inn i det kristne fellesskapet der omsorg, kjærleik og håp for tid og æve er levande til stades gjennom alle dei menneska som finn sin plass der.

Jan Løkkeborg

Sokneprest i Skodje sokn

Trusopplæring og barne- og ungdomsarbeid

Trusopplæringa i 2025 har i hovudsak vore ivareteken av kyrkjelydspedagog Julie Elise Tronstad og kateket Solveig Frafjord Whitcomb. Arbeidet omfattar både faste tilbod og breiddetiltak retta mot ulike årskull.

Dei faste tilboda er jamlege samlingar som barn og ungdom kan delta på gjennom året. Breiddetiltaka er årlege samlingar for bestemte aldersgrupper, der alle medlemmar og tilhøyrande i kyrkjelyden får personleg invitasjon i postkassa.

Breiddetiltak i 2025

I 2025 vart det gjennomført fleire breiddetiltak, mellom anna 4-årstreff, 6-årstreff, Tårnagenthelg for 2. klassingar og Lys Vaken-helg for 6. klassingar. Nytt av året var at konfirmantane ved påmelding til konfirmasjon også kryssa av for ei teneste dei skulle bidra med i kyrkja, til dømes deltaking på eitt av breiddetiltaka.

Dette krev noko ekstra organisering, men har gitt gode erfaringar. Det har vore svært positivt å bli kjende med konfirmantane i mindre grupper og sjå dei ta ansvar for å lage gode og engasjerande opplegg for barna. I tillegg har fleire frivillige stilt opp på tiltaka, noko som har vore avgjerande for gjennomføringa.

4-års treff

4-årstreffet vart gjennomført med 24 deltakarar, noko som tilsvarar om lag 50 % av medlemmane i kyrkja på dette alderstrinnet. På ei samling i forkant fekk barna teikne og fargeleggje T-skjorter som dei hadde på seg under gudstenesta. Barna fekk høyre om skapinga, og vart spesielt inviterte til å delta på Knøttekor..

6-års treff

6-årstreffet vart gjennomført med 30 deltakarar, tilsvarande 70 % av medlemmane i kyrkja på dette alderstrinnet. Barna fekk synge, høyre bibelhistorier og lage sin eigen gymbag til skulestart. Dei vart også inviterte til Knøttekor, med informasjon om at dei kan gå vidare til Barnegospel når dei byrjar på skulen. Knut-Marton Leine og Elisabeth Bjørdal Leine bidrog som frivillige under samlinga.

Tårnagenthelg for 8-åringar

Tårnagenthelga er eit populært og godt tilpassa opplegg for aldersgruppa, og også i 2025 vart dette ei svært vellukka helg. Fleire foreldre stilte opp som frivillige. Under gudstenesta deltok kyrkjelydspedagog og barna i eit skodespel med tidsmaskin tilbake til Jesu tid og møte med Thomas tvilaren.

Det deltok 24 barn, noko som utgjør 57 % av medlemmane i Den norske kyrkja på dette årskullet. I etterkant har mange barn gitt uttrykk for at dei ønskjer å delta igjen, og helsar kyrkjelydspedagogen som «sjefen for Tårnagentane» når dei møtast i kvardagen. Dette viser tydeleg at konseptet opplevast som engasjerande og meningsfullt.

Lys Vaken-helg for 11-åringar

Lys Vaken-helga vart gjennomført med god hjelp frå frivillige, mellom anna Asbjørg Oksavik Sve, Arnstein Sæthre, Kristine Oksavik Sve, Inger Kristin Ask og ei engasjert

gruppe konfirmantar. Det deltok 18 barn, tilsvarande 42 % av medlemmane i Den norske kyrkja på dette årskullet.

Lys Vaken er eit krevjande arrangement, og det mest ressurskrevjande av dei årlege breiddetiltaka. Gjennomføringa er heilt avhengig av vaksne frivillige, særleg når det gjeld nattevakter, der Asbjørg Oksavik Sve har vore ein svært viktig ressurs. Trass lite søvn for dei involverte, vart helga gjennomført på ein god måte.

Ei kveldssamling gav rom for samtalar om tema som blikking, ghosting, baksnakking og bildedeling, og korleis Gud kan hjelpe oss å sjå kvarandre med kjærleik. Barna opplevde tematikken som relevant for eigen kvardag. Det kom også positive tilbakemeldingar frå foreldre om at budskapen var verdifull for barna. Eit særleg gledeleg moment var at mange av barna, inkludert alle jentene som deltok på Lys Vaken, møtte opp att i kyrkja på TweensTorsdag veka etter.

Brev til meg

Alle 19-åringane fekk tilbod om å kome til kyrkja si for å motta eit brev dei skreiv til seg sjølv i konfirmasjonstida. I Skodje var påmeldinga dessverre for låg til at samlinga kunne gjennomførast. Invitasjonar vart sende ut, og datoen vart lagt til fredagen før vinterferien, noko som truleg kan forklare den låge responsen.

Faste aktivitetar i 2025

Babysong

Det har vore babysong annakvar onsdag i oddetalsveker gjennom heile skuleåret, med god oppslutning om tiltaket. Deltakinga har variert frå om lag 5 til 18 barn per samling, men vanlegvis ligg frammøtet på rundt 10–12 barn.

I 2025 har det vore fleire fedrar som har delteke på babysong enn tidlegare år. Ein gong før sommaren vart det gjennomført ei samling der kyrkjelydspedagog Julie var saman med ein heil gjeng fedrar med babyar. Dette vart opplevd som svært positivt, og viser at også fedrar i permisjonstida finn fellesskap og tilhøyrse i tilbodet.

Fleire deltakarar har uttrykt at det er verdifullt å ha eit slikt lågterskeltilbod medan ein er heime med baby.

Knøttekor

Knøttekoret er ein livleg og populær aktivitet. Rundt 20 barn i barnehagealder, tidvis opp mot 30, møter opp annakvar onsdag til ein halvtimes øving med kjende og nye barnesongar. Kantor Marc Labruijere akkompagnerer, og det blir også nytta noko playback.

Koret har ein eigen maskot, blekkspruten «Blekki», som kvar gong har med seg åtte songforslag. Det er stor entusiasme blant barna knytt til å få trekke neste song som skal syngjast.

Barnegruppa er samansett, med alder frå rundt to år og oppover. Nokre barn har meir energi enn andre, og i løpet av øvinga er det vanleg at enkelte trekkjer seg litt tilbake for å leike eller teikne, medan ei kjerne av barn deltek aktivt i songen heilt til slutt.

Etter øvinga er det mat og leik. Dei frivillige er Gerd Ulstein, Iris Risanger Skotte og Bitten Kvilekval. Dei har vore heilt avgjerande for gjennomføringa av Knøttekoret. Dei møter barna med varme og engasjement, hugsar namna deira, bidreg i øvingane, ordnar med mat og skapar ei trygg og god ramme rundt aktiviteten.

Barnegospel

Det er gledeleg å sjå at fleire barn frå Knøttekoret går vidare til Barnegospel når dei byrjar på skulen. Barnegospel har hatt vekst i 2025. Det står no 25 barn på deltakarlista, og vanleg frammøte på øvingane er rundt 15 barn, med aukande tendens.

Barna deltek først på felles mat og leik saman med Knøttekoret, før dei har ein halvtimes eigen øving. Nokre av barna synest det er særleg stas å få vere solist og syngje i mikrofon.

Barnegospel har hatt fleire songoppdrag saman med Knøttekoret og saman med Ørskog barnekor, mellom anna på gudstenester, basar, i Gomerhuset på 17. mai og i kyrkja på julaftan.

Kvar øving vert avslutta med lystenning i lysgloben og songen «Kjære Gud». Dette har utvikla seg til eit viktig ritual for barna. Ein gong då kyrkjelydspedagogen trudde tida ikkje strekte til, protesterte barna tydeleg, og det vart prioritert å gjennomføre avslutninga som vanleg.

Det er òg positivt å sjå at fleire foreldre oppheld seg i kyrkja under øvingane, både på Knøttekor og Barnegospel. Aktivitetane fungerer slik også som møteplassar for foreldre, der ein kan ta ein kaffikopp, slå av ein prat og høyre barna syngje.

TweensTorsdag

TweensTorsdag er eit nytt tiltak som vart starta opp i 2025. Ved første samling var det uvisst kor mange som ville møte opp, men heile 35 barn kom til kyrkja etter skuletid. Leiarar denne dagen var kyrkjelydspedagog Julie Elise Tronstad og tre foreldre, som stod for mottak av barna, vaffelsteiking og gjennomføring av opplegget.

Tilbodet er retta mot elevar på 5.–8. trinn. Barna kan kome direkte til kyrkja etter skuletid, som sluttar rundt kl. 14.10. Dei får mat og eit lodd, før dei kan delta i ulike aktivitetar som blir rigga til i kyrkjerommet, til dømes bowling i midtgangen, bordtennis og darts spel med ballongar.

Etter aktivitetdelen samlast gruppa til ei felles stund, som ofte startar med ein leik, før det vert halde ei kort andakt. Nokre gonger deltek barna aktivt ved å tenne lys eller trekke bibelvers. Ressursen *Aldri aleine* frå Søndagsskulen har vorte nytta ved enkelte samlingar.

Inger Anne Halleland har vore med på dei siste samlingane, og har bidrege med heimelaga saft, svelerøre og sveletakke, noko som har vore svært populært blant deltakarane.

Det møter vanlegvis mellom 15 og 25 barn per samling. Dei fleste er frå 5. og 6. trinn, medan det førebels ikkje har vore deltakarar frå 8. trinn. Dette vert vurdert som naturleg, då elevane på ungdomsskulen har mindre kontakt med mellomtrinnet.

Eit særleg gledeleg trekk ved TweensTorsdag er at tiltaket ser ut til å appellere godt også til gutar. Dette er viktig, då fleire av dei andre tilboda, som Barnegospel, i større grad har vore prega av jentedeltaking.



TweensTorsdag i kyrkja
Foto: Julie Elise Tronstad

Samarbeid med barnehage og skule

Barnehagane og skulane i Skodje sokn viser stor interesse for tilboda frå kyrkja, og samarbeidet med rektorar, lærarar og barnehagetilsette er godt.

Påskevandringa vart gjennomført for førskuleborna i barnehagane og 2. klasse ved skulane. I Skodje deltok 109 born fordelte på åtte grupper i kyrkja. I tillegg fekk 2. klasse ved Valle skule tilbod om påskevandring i klasserommet, grunna dårleg økonomi, men med ønske om besøk frå kateketen.

I juletida vart det gjennomført skulegudstenester for skulane i soknet. Alle skulane, med unntak av Valle skule, kunne kome til kyrkja. Mange born fekk oppleve den tradisjonelle skulegudstenesta, og skulane kappast om å få «siste skuledag», noko som gav nokre utfordringar i planlegginga, men som til slutt lét seg løyse på ein god måte.

Det vart òg gjennomført julevandringar for alle 1.klassingane og 4-åringane i barnehagane. I Skodje deltok 110 born fordelte på sju grupper. Éin barnehage måtte avlyse grunna sjukdom.



Altartavla i Skodje kyrkje

Foto: Arne Hagen

Konfirmantarbeidet

I mai vart 43 ungdomar konfirmerte i Skodje sokn. Planlegging og koordinering av konfirmantundervisninga er kateketen sitt ansvar, medan gjennomføringa skjer i samarbeid med prestane og kyrkjelydspedagog. Foreldra blir tildelte oppgåver, og frivillige bidreg særleg i samband med Fasteaksjonen.

Nokre samlingar vart gjennomførte saman med Ørskog sokn, mellom anna misjonsdag på Gomerhuset og inspirasjonssamling i høve Fasteaksjonen i Ørskog kyrkje. Erfaringa er at ungdomane opplever det som positivt å møtast på tvers av sokna.

Det nye kullet deltok på konfirmasjonsleir på Vestheim ungdomssenter ei helg i haustferien. Leiren var felles for begge sokna. Leirstaden vart noko lita for ei gruppe på 75 konfirmantar. Gjennomføringa var heilt avhengig av stor foreldreinnsats.

For dette kullet vart det også innført krav om at alle konfirmantane skulle melde seg på ein aktivitet i kyrkjelyden sitt øvrige arbeid. I Skodje vart det i tillegg prøvd ut «gruppeval» i undervisninga, der konfirmantane kunne velje mellom friluft, musikk eller hobby. Dette var eit forsøk på å gjere undervisninga meir variert. Desse tiltaka skal evaluerast etter konfirmasjonane, i arbeidet med planlegging av neste års kull.



Konfirmantar i Skodje Kyrkje - 10. og 11. mai 2025

Konfirmantane i 2025

Foto: Kristiansen

Diakoni

Diakonien er kyrkja sitt bankande hjarte i møte med menneske sine liv – i glede og i sorg, i kvardag og krise. I Skodje og Ørskog sokn har dette ansvaret dei siste åra vore bore av mange kloke hovud og varme hender, men utan ein tilsett diakon med særskilt ansvar. Då førre diakon gjekk av med pensjon i 2024, vart stillinga ikkje erstatta. Vi fekk i staden ein svært dyktig kyrkjelydspedagog, som gjer ein viktig og verdifull innsats, særleg retta mot barn, unge og familiar.

Sokna er stabile i omfang, men behova i lokalsamfunnet er like fullt store og samansette. Menneske står i livskriser, opplever einsemd, sorg, psykisk uhelse, økonomiske utfordringar og behov for støtte og tilhøyrslse. Slike behov lèt seg ikkje alltid fange opp gjennom generelle tiltak eller som ein del av andre stillingar – dei krev tid, fagleg kompetanse og eit tydeleg diakonalt ansvar.

Diakoni handlar ikkje berre om enkeltmenneske, men om å byggje strukturar som held over tid. Det handlar om å samordne frivillige krefter, samarbeide med andre aktørar, sjå samanhengar og sikre kontinuitet i arbeidet. Når ingen har diakonien som sitt hovudansvar, blir mykje av dette arbeidet sårbart og personavhengig – sjølv med stor vilje og engasjement i staben.

Skodje og Ørskog sokn deler både geografi, fellesskap og utfordringar. Ei felles diakonstilling vil kunne styrkje det diakonale arbeidet i begge sokn, gi betre oppfølging av menneske i sårbare livssituasjonar og gjere kyrkja meir tydeleg til stades i lokalsamfunnet.

Å satse på diakoni er å satse på menneske. Det er å ta på alvor kyrkja sitt oppdrag om å vere nær der livet skjer – slik det faktisk er. Difor er det eit reelt og viktig behov for ein tilsett diakon i Skodje og Ørskog sokn.

Medlemer i diakoniutvalet	
Tove S. Kristensen	Leiar
Sindre Rasmussen	Medlem
Lars Andreas Lona	Medlem

Vi er diverre ikkje eit veldig aktivt utval, men har god hjelp av andre i kyrkjelyden til å dele ut blomsterhelsingar til jubilarer.

Utvalet deltek aktivt ved minnegudstjenesten om hausten, og ved skjærtorsdagsgudstenesta.

Alle tre medlemmane er etterkvart blitt godt vaksne, og vonar at litt yngre medlemmar kan komme til.

På vegner av diakoniutvalet
Tove Solheim Kristensen

Kyrkjeklubben

Kyrkjeklubben i Skodje kyrkje er tilrettelagt for menneske med funksjonsnedsetjingar, og er open for alle. Vi har kyrkjeclubb den fyrste tysdagen kvar månad. Vi har hatt kontinuerleg drift alle år sidan oppstart 2014, med unntak av enkelte månader med nedstenging under koronapandemien. Klubben har siste tre åra vore drifta av berre frivillege med tidlegare diakon som hovudleiar. To av dei friviljuge måtte gje seg i fjor, den eine hadde vore med i mange år og i hovudsak teke ansvar for innkjøp og tillaging av mat. Vi var veldig takksame for dei åra ho var medarbeidar i klubben. No kan vi på det beste vere 4 medarbeidarar, der to av dei tek ansvar for formingsaktivitet. Men det kan fort snu, det er ei fri og villeg teneste.

Vi har eit godt samarbeid med kommuna, der invitasjonen kvar gong går til administrative leiarar her i Skodje som så sender vidare til bustadane og dagsenter. 2025 har hatt litt mindre oppmøte enn året før, hausthalvåret mindre enn vårhalvåret. Noko av grunnen kan vere at fleire av deltakarane har dårlegare helse, og kanskje litt personavhengig av kven som er på jobb desse kveldane? Vi prøver med påmelding, men som oftast må ei ny påminning ut om det, noko som fører til meirarbeid. Som året før var det grautfesten før jul som hadde topp oppmøte. Vi har hovudsakleg vore i kyrkja, men sidan brakka kom opp har vi ofte vore i brakka. Der står borda framme og vi slepp å bere bord og stolar inn som når vi er i kyrkja. Vi har før alltid starta med ein formingsaktivitet, deretter ei samling med song og intervju med kveldens gjest eller andakt og avsluttar med kveldsmat. Siste året har vi snudd litt på det, når vi er i kyrkja har vi litt leikar eller konkurransar i staden for formingsaktivitet, det gjer det litt enklare der.

“Kveldens gjest” er ein ny gjest nesten kvar gong, då sender vi rundt ei krukke der deltakarane får trekkje opp spørsmål til gjesten. Gjesten har fått eit hint på førehand på eit par av spørsmåla, og det er oftast om dei kan fortelje litt om ein person frå Bibelen eller noko om trua. Dette året var det i hovudsak dei tilsette i kyrkja som var kveldens gjest kvar sin gong, inkludert Ørskogpresten som var gjest på grautfesten. Denne kvelden deltok i tillegg kantor med speling til julesongane. Når vi ikkje har kveldens gjest, har vi ei bibelforteljing eller bønnevandring i kyrkja. Songen er alltid med. Vi har det veldig uformelt og triveleg, og deltakarane og ledsagarane deira lèt vel om tilbodet. Det hadde vore kjekt om også andre kom desse kveldane.

Utfrordringar framover.

Det er litt sårbart når ansvarleg leiar må melde forfall, noko som kan vere aktuelt no framover. Difor ynskjer vi å få ein medarbeidar, gjerne frå staben som kan steppe inn og bistå dei andre frivillege. Dette er eit viktig inkluderingsarbeid for personar med ulike funksjonsnedsetjingar, og sidan den vert drifta av frivillege og vi ikkje har tilsett diakon i Skodje, ynskjer vi at nokon i staben kan vere ein støttespelar vi kan vende oss til. Vårt største ynskje er at vi kan få tilsett ein diakon.

På vegner av Kyrkjeklubben
Asbjørg Oksavik Sve

Musikk- og kulturlivet i kyrkjelyden

Det er eit aktivt og variert musikkliv i Skodje kyrkje. Kyrkjelyden har både kyrkjekor og barnekorgrupper i form av Knøttekor og Barnegospel. Desse har vore viktige bidragsytarar både i gudstenestelivet og i konsertverksemda gjennom året.

I løpet av året har det vore fleire konsertar der kyrkjekoret, barnekora og andre musikarar har delteke. Kyrkjekor og barnekor har òg medverka jamleg med musikk i gudstenester. Ved enkelte gudstenester har det vore musikalske innslag frå eksterne aktørar, mellom anna Skodje skulekorps og elevar frå kulturskulen.

Kantor si verksemd

Kantor si verksemd omfattar i hovudsak dei lovpålagde oppgåvene knytte til gudstenester, gravferder og vigslar. I desse samanhengane inngår òg akkompagnement av solistar. Organisten spelar dessutan preludium ved dei fleste gravferder.

Kantor har vore akkompagnatør på øvingane til både knøttekor og barnegospel. Ved enkelte gudstenester har kantor òg henta inn ekstra musikkrefter, til dømes til minnegudstenesta på allehelgensdag og til julegudstenester. Her har det vore medverknad frå kyrkjekor, barnekor, solistar og elevar frå kulturskulen.

Vidare har kantor delteke med andakter ved institusjonane i soknet. Kantor har også organisert fleire konsertar der han sjølv har vore utøvande musikar. Blant desse kan nemnast jubileumskonserten til kantor og Fjord Cadenza-gudstenesta. Begge arrangementa var svært vellukka og samla mykje publikum. På jubileumskonserten medverka både Skodje kyrkjekor og Skodje blandakor. Under Fjord Cadenza-gudstenesta vart folketonemessa *Vindens hjul* av Henning Sommerro framført, med Skodje kyrkjekor og eit orkester sett saman av musikarar frå Fjord Cadenza.

Instrumenta i kyrkja

I desember 2025 fekk Skodje kyrkje eit nytt flygel. Dette vart mogleg gjennom målretta innsats frå soknerådet med søknadsarbeid, støtte frå Stiftelsen Kjell Holm og ei pengegåve frå Oscar Muldsvor. Det nye flygelet er av merket Yamaha og er eit instrument med god spelekomfort og ein varm, klår klang.

Skodje kyrkje har òg eit flott orgel, men som mange orgel er det sårbart for endringar i temperatur og luftfukt. Orgelet krev difor jamleg justering frå organisten. I vinterhalvåret er stemming ofte ei utfordring, då oppvarminga av kyrkjerommet ofte vert sett på relativt seint. Dette gjer at orgelpipene ikkje alltid har nådd romtemperatur, og enkelte register kan difor vere vanskelege å bruke vinterstid.

Orgelet har òg tekniske utfordringar knytte til lufttilførselen, mellom anna ein lekkasje i ei av vindladene som skuldast ein sliten skinnbit, samt ein defekt tremulant. Tremulanten viser seg å vere frå det gamle orgelet, og vart montert inn i det nye orgelet frå 1991. Det er behov for å montere ein ny tremulant av ein meir moderne type, tilpassa orgelet. Hausten

2026 kjem orgelbyggjar for å reparere lekkasjen, sjå over lufttilførselen og vurdere løysing for ny tremulant.

Skodje kyrkje eig òg eit orgelpositiv som for tida er lagra på kyrkjetorget i Ørskog, grunna plassmangel i Skodje kyrkje. Sidan orgelpositivet ikkje har vore i bruk, har soknerådet vedteke at instrumentet skal seljast.



Orgelet i Skodje kyrkje
Foto: Marc Labruijere

Rekruttering og kurs

Som ein del av stillinga si ved kulturskulen held kantor korte orgelkurs to gonger i året. Dette er eit viktig tiltak for rekruttering av nye organistar. Orgelelevar har ved fleire høve bidrege med musikk i gudstenester og andre arrangement i kyrkja.

Misjon

Misjonsavtaler

Skodje sokn har to aktive misjonsavtaler.

- **Misjonsalliansen**
 - Avtaleperiode: 01.04.2023-01.04.2027
- **Det norske Misjonsselskap (NMS)**
 - Avtaleperiode: 01.12.2023-01.12.2027

Samarbeid med Misjonsalliansen

Barn i favelaene veks opp i sårbare nabolag prega av rus, narkotikasal og kriminalitet. Dei treng vern, omsorg, trygge fritidstilbod, gode rollemodellar og næringsrik mat.

Fritidsaktivitetar innan kunst, kultur, språk og idrett gir barna ein trygg stad å vere, samtidig som dei får omsorg og oppfølging som hjelper dei å utvikle seg og fullføre skulen. Eit viktig mål er å redusere talet på tenåringsgraviditetar. Barn og unge får undervisning i helse og ernæring og lærer korleis dei kan byggje lokale nettverk og saman forsvare rettane sine. Eit overordna mål er å styrke banda mellom skulen, familien og lokalsamfunnet.

Samarbeid med Det Norske Misjonsselskap (NMS)

Gjennom arbeidet til NMS støttar Skodje sokn kyrkjelydsvekst og kyrkjebygging i Estland.

NMS samarbeider med Den estiske evangelisk-lutherske kyrkja (EELK) for å plante livskraftige kyrkjelydar og styrke barne- og ungdomsarbeidet. Etter andre verdskrig har nye befolkningssentra vakse fram utan etablerte kyrkjelydar. Eit døme er Saku, der St. Thomas kyrkjelyd vart grunnlagd i 2011 og i dag har kring 240 medlemar. I Mustamäe, ein bydel i Tallinn, vart ein kyrkjelyd etablert i 2010 og har no over 140 medlemar. På begge desse stadene er det bygd moderne kyrkjebygg parallelt med utviklinga av kyrkjelydsarbeidet.

I tillegg vert det satsa på leiarutvikling og opplæring av frivillige, slik at dei kan spele ei større rolle i kyrkja. NMS støttar også *Plussmedia*, eit kristent mediearbeid for og av ungdom, som produserer radioprogram, TV-show og innhald til sosiale medium. Vidare bidreg NMS til global ungdomsutveksling mellom kyrkjer gjennom samarbeid med NMSU og Ucrew.

Kyrkjestovekomitéen

Medlemer i kyrkjestovekomitéen	
Arne Risanger Skotte	Leiar
Birger Blindheim	Medlem
Tormod Løvås	Medlem
Lars Flåte	Soknerådet sin representant

Aktivitet i 2025

I 2025 har komiteen gjennomført følgende møter:

- 5 komitemøter
- 2 møter med soknerådet.
- 1 møte med Arkitektene BBW.
- 1 fellesmøte med Ålesund Kommune (byggesaksavdelingen), Fylkeshuset (kulturetaten) og Arkitektene BBW.

Oppgaver som komiteen har arbeidet med i 2025:

- Situasjonsplan.
- Plan, snitt og fasadeskisse.
- Kostnadsoverslag.
- Avklaringer med kommune, fylke og andre aktuelle interesseparter.

Planlagte aktiviteter i 2026:

At vi i samarbeid med Arkitektkontoret BBW v/Asbjørn Bua skal:

- Arrangere forhåndskonferanse med Ålesund Kommune (Plan og bygningsavdelingen).
- Kontakte kommunen for å avklare om vi kan bruke eksisterende Ytreskodjeveg som en midlertidig tilkomst til menighetshuset.
- Kontakte fylke for å avklare trafikkmessige forhold på Engesetdalsvegen.
- Godkjent rammesøknad for prosjektet. En rammetillatelse gir byggherren rett til å starte arbeidet, men er ikke en fullstendig byggetillatelse.

På vegner av Kyrkjestovekomitéen
Arne Risanger Skotte

Skodje kyrkjekor

Medlemer i styret	
Jorun Elise Kalvatn	Leiar
Else Marie Lervik Coates	Styremedlem
Arnstein Sæthre	Styremedlem
Øyvin Danielsen	Styremedlem
Tormod Løvås	1. vara
Marit Johanne Beite	2. vara
Tom Venås Gontier	Dirigent

Koret har 21 betalende medlemmer + dirigent, 3 medlemmer i full permisjon, 1 medlem permisjon siste halvdel av 2025, 1 medlem slutta siste halvdel av 2025, 1 nytt medlem haust 2025

Øvingane har vore onsdagar i Skodje kyrkje frå 19.00-21.30 i tillegg til to ekstra laurdagar. Det har vore eit aktivt korår der vi har delteke på mange konsertar og arrangement.

* 9. februar deltok vi på Kveldsgudsteneste i Skodje kyrkje med fem songar av koret.
Piano/orgel: Marc Labruijere

* 27. februar arrangerte vi salmekveld i Ørskog kyrkje med seks songar av koret og åtte salmar og allsongar. Robert Coates spelte på orgel til salmane, akkompagnerte koret på nokre songar og framførte to orgelstykke. Vi avslutta med kveldsmat og sosialt samvere.

* 10. april arrangerte vi "Kor- & Cello-konsert" i Skodje kyrkje. Kristian Ferenc Sylthe deltok på cello og akkompagnerte koret på nokre songar og spelte eigne stykke på celloen. På orgel og piano hadde vi med Robert Coates. Det var ei spesiell oppleving med kombinasjonen cello og kor, og veldig vakkert.

* 27. april dektok vi på "Korkafé" i Ikornnes kyrkje med sju songar. Det er triveleg å gjere noko saman med andre kor, både sosialt og inspirerande, og fint å nå ut til eit nytt publikum. *Orgel/piano:* Robert Coates

* 24. mai deltok vi på Marc Labruijere sin "Jubileumskonsert" i Skodje kyrkje med fem songar, *orgel/piano:* Robert Coates. Marc hadde laga eit fint program med orgelmusikk og foredrag om orgel.

* 21.juni stilte vi opp på 75 års-jubileum med song for kormedlemen Ingunn Austnes.

* 31. august deltok vi på "Festivalgudsteneste", Fjord Cadenza, i Skodje kyrkje med "Vindens hjul, folkemusikk og gammeldansmesse" av Henning Sommero, og tre andre korsongar. Ein liturgi og ei messe litt utanom det vanlege. *Orgel:* Marc Labruijere

* 27. september deltok i på "Festspela i Geiranger" med temaet "Nynorsk Salmebok 100 år" i Geiranger kyrkje, der Per Halse heldt foredrag. Dette var første deltakinga vår i ei rekke på tre slike arrangement i høve feiringa av hundreårsjubileet for Nynorsk Salmebok. Vi deltok med korarrangement av salmar frå den nynorske salmeskatten.

* 2. oktober var vi med på markering av NNS 100 år i Ørskog kyrkje der Marit Kaldhol heldt foredrag. *Orgel/piano*: Robert Coates

* 5. oktober deltok vi på gudsteneste i Ørskog kyrkje med tre korsongar. *Orgel*: Marc Labruijere

* 30. oktober arrangerte vi salmekveld og feiring av Nynorsk Salmebok 100 år i Skodje kyrkje m/ gjesteforeleser Per Halse, og tilhøyrande kveldsmat og sosialt samvere. *Organist*: Robert Coates

* 11. desember arrangerte vi Julekonserten "Høgtidsrom" saman med Beate Slettevold Lech m/ band i Ørskog kyrkje. Vi framførte to eigne songar med Robert Coates på piano, og var korstøtte til Beate på hennar ni songar. Denne store satsinga for vår del, vart ei fin oppleving oss, og det var også noko publikum gav uttrykk for at det var.

Julekonserten var også ei slags opptrapping til 30års-jubileet vårt som vi vil feire på ulike måtar i 2026.



Frå konserten Nynorsk Salmebok 100 år i Skodje kyrkje

Foto: Ketil Hjelset

Samarbeid med Ørskog sokn

Felles gudstenester

Skodje og Ørskog sokn har fleire gudstenester saman. Kristi himmelfartsdag og 1. pinsedag har i fleire år vore felles gudstenester. I 2025 vart det òg vedteke å innføre felles gudsteneste 1. påskedag, annakvart år mellom sokna. Dette året vart gudstenesta feira i Ørskog kyrkje. Skodje kyrkjekor medverka, og kateket Solveig Frafjord Whitcomb hadde opplegg for barna på søndagsskulerommet. Gudstenesta hadde 77 frammøtte. I 2026 vert felles gudsteneste 1. påskedag lagt til Skodje kyrkje.

Vi hadde òg felles friluftsgudstenester på Tøsse og på Liasetra.



Friluftsgudsteneste på Liasetra

Foto: Ester Walgermo

Frivilligfest 2025

I januar 2025 vart det arrangert medarbeidarfest for Skodje og Ørskog sokn på Kyrkjetorget. Over 60 frivillige var samla, med jamn fordeling av deltakarar frå begge sokna. Kvelden baud på god mat, med oksegryte levert av Sjøholt Catering og smakfulle kaker til kaffien. Soknerådsleiar i Skodje, Knut Bjune, leia oss trygt gjennom kvelden. Programmet baud mellom anna på intervju med ekteparet Lars Tore Nerbøvik og Lise Vindi, leia av soknerådsleiar i Ørskog, Mons-Olav Walgermo. Kateket Solveig F. Whitcomb hadde laga ein artig og engasjerande quiz. Kvelden vart avslutta med ei kulturell samling i Ørskog kyrkje, der kantor Marc Labruijere hadde sett saman eit fint program med diktlesing og musikk. Både frivillige og kantoren sjølv medverka med musikk framført på piano og orgel.

Årsmelding etter §12 i forskrift om økonomiforvaltning i sokn i Den norske kyrkja

Soknerådet

Frå 1. januar til 10.april hadde soknerådet sju ordinære representantar, i tillegg til soknepresten. Frå 10.april vart soknerådet redusert med eitt ordinært medlem då Knut Bjune søkte om permisjon grunna flytting. Soknerådet har ingen vararepresentantar.

I 2025 har soknerådet halde sju ordinære møter og handsama 52 saker. Referat frå møta er tilgjengelege på soknet si heimeside. Årleg soknemøte vart gjennomført 27.04.2025 med 17 frammøtte.

Arbeidsutvalet er sett saman av soknerådsleiar, nestleiar og sokneprest. Arbeidsutvalet førebur saker til soknerådsmøta og handsamar nokre mindre saker mellom møter ved behov.

Soknet har dagleg leiar i 25% stilling.

Medlem av soknerådet	
Arnstein Sæthre	Nestleiar jan-april Leiar april-des Vararepresentant til Fellesrådet
Knut Bjune	Leiar jan-april
Bente Vadset	Nestleiar april-des
Jan Løkkeborg	Sokneprest
Ingeborg Kvilekval	Medlem
Lars Flåte	Medlem, representant Kyrkjestovekomitéen
Ragnvald Holvik	Medlem
Tove S. Kristensen	Medlem Representant til Fellesrådet Representant Diakoniutvalet
<i>Varamedlem</i>	
Soknerådet har ingen varamedlem	

Tilsette og stillingar

Prestane får si løn av Møre bispedøme, andre tilsette blir lønna av Ålesund kyrkjelege fellesråd.

Stillingstype og storleik	Namn	Merknad
Sokneprest, 100%	Jan Løkkeborg	
Dagleg leiar, 25%	Astrid Josefine Eide	
Kantor 40%	Marc Labrujere	
Kateket, 50%	Solveig Frafjord Whitcomb	
Kyrkjelydspedagog, 50 %	Julie Elise Tronstad	
Kyrkjetenar, 55%	Marie Hellevik	

Økonomien til soknet

Økonomien i Skodje sokn i 2025 framstår som stabil, og rekneskapen viser i hovudsak godt samsvar mellom budsjett og faktisk resultat. Dei avvika ein finn mellom budsjett og resultat er i hovudsak knytt til aktivitetsnivå og gjennomføring av arrangement. Soknet har hatt kontroll på kostnadene gjennom året, samstundes som det har vore rom for aktiv verksemd og frivillig engasjement.

Resultatet viser eit regnskapsmessig mindreforbruk på kr. 259 834. Resultat heng i hovudsak heng saman med at Ålesund kyrkjelege fellesråd har valt å ikkje fakturere soknet for utgifter knytt til undervisningsstillingane (trusopplærar og kateket) i 2025.

Driftsinntekter

Inntektssida i 2025 er prega av relativt stabile rammer, der fleire postar ligg tett opp mot budsjett. Inntektene er samansett av brukarbetaling, tilskot og innsamla midlar, og speglar eit sokn med både fast aktivitet og arrangement som varierer frå år til år.

Brukarbetaling, sal, avgifter og leigeinntekter

Denne posten omfattar mellom anna konfirmantinntekter, sal i samband med arrangement og andre brukarrelaterte inntekter. Samla sett ligg posten litt over budsjett, noko som i hovudsak kan forklarast med at konfirmantleir/weekend vart gjennomført i oktober og brukarbetalinga auka som følgje av dette.

Refusjonar og overføringar

Refusjonar og overføringar omfattar refusjon av utgifter knytt til drift og aktivitet, mellom anna tilbakeføring av meirverdiavgift på innkjøp. Det er tilbakeføring av mva som er grunnen til avviket mellom budsjett og rekneskap.

Tilskot frå fellesråd/menighetsråd

Det er ikkje blitt gitt tilskot frå Ålesund kyrkjelege Fellesråd i 2025.

Andre tilskot, gåver og innsamlingar

Posten omfattar ulike former for gåver, innsamlingar og tilskot knytt til særskilde føremål og arrangement. Inntektene varierer frå år til år og er avhengige av både engasjement og gjennomføring av tiltak.

Mellom anna

- Offer innsamla til eiga verksemd, kr. 126 395
- Offer innsamla til andre, kr. 71 067
- Givarteneste, kr. 46 085
- Tilskot og gåver frå andre, kr. 109 377
 - Herunder gåve frå Kjell Holm Stiftelsen på kr. 100 000 øyremerka nytt flygel

Utgifter

Utgiftssida i 2025 viser at fleire postar ligg noko under budsjett, og det er ikkje registrert vesentlege overskridingar. Dette tyder på nøktern drift og bevisst prioritering av ressursar.

Lønn og sosiale utgifter

Lønn og sosiale utgifter er i hovudsak knytt til honorar gitt i samband med aktivitet. Avvik mellom budsjett og rekneskap skuldast at utbetaling av honorar har blitt ført mot andre postar, som t.d. 2702 Musikertenester

Kjøp av varer og tenester

Kostnader til varer og tenester omfattar mellom anna drift av arrangement som td. konfirmantleir/weekend, ulike typar materiell, innkjøp av mat ved gjennomføring av aktivitetar og ulike tenester. Avviket mellom rekneskap og budsjett skuldast i hovudsak innkjøp av nytt flygel heilt på tampen av året. Forbruket ligg ut over dette samla sett innanfor budsjett.

Refusjonar/overføringar og mva

Posten gjeld refusjonar og handtering av meirverdiavgift, og er i hovudsak av teknisk karakter. Avviket mellom budsjett og rekneskap kan i hovudsak forklarast med at Ålesund kyrkjelege fellesråd valde å ikkje fakturere soknet for utgifter knytt til undervisningsstillingane (kateket og trusopplærar). I tillegg hadde soknet auka utgifter til innkjøp av flygel, noko som samtidig medførte tilbakeføring av meirverdiavgift. Då innkjøpet vart gjennomført i desember 2025, vart denne effekten ikkje fanga opp i budsjettreguleringa for året.

Tilskot og gåver

Tilskot og gåver som soknet har gitt vidare, er i hovudsak knytt til vedtekne føremål og kollektføremål. Posten ligg i underkant av budsjett, men er likevel i tråd med vedtak om eksterne offerføremål.

Bruk av fond

I 2025 er det nytta midlar frå fond til vedtekne føremål.

- Kr. 13 903 for å dekke meirforbruk i 2024
- Kr. 216 502 til prosjektering av Kyrkjestova
- Kr. 3 394 til frysenskap til kyrkja
- Kr. 250 000 til nytt flygel i kyrkja

Det vart også gjort ei omdisponering på kr 150 000 frå bunde fond – Kyrkjelydshus til bunde fond – Flygel. Beløpet stammar frå ei gåve som vart gitt til soknet i 2012 av Oscar Muldsvor, og som frå gjevar si side var øyremerkd innkjøp av nytt flygel.

Framovermelding

Skodje sokn har ved utgangen av 2025 ein økonomi i balanse og med gode føresetnader for vidare drift. Når Fellesrådet no avviklar fakturering av refusjon til undervisningsstillingane vil dette slå svært positivt ut for Skodje sokn. Noko som, saman med vidareføring av Kyrkjebasar, gir eit godt utgangspunkt for vidare planlegging og prioriteringar i komande år.

Likestilling i sokneråd og stab

I Skodje sokneråd er det ved utgangen av 2025 7 faste medlemmar, 6 av dei er folkevalde pluss sokneprest. Av dei faste medlemmane er det 4 menn og 3 kvinner. Av dei tilsette i faste stillingar var det i 2025, 4 kvinner og 2 menn.

Årsregnskap 2025

Skodje Sokn

Regnskapsskjema - Drift, Skodje Sokn 2025		Regnskap 2025	Regulert budsjett	Opprinnelig budsjett	Regnskap 2024
Inntekter:					
600-659	Brukerbetaling, salg, avgifter og leieinntekter	199 921	153 273	112 650	51 797
660-679	Salg av driftsmidler/fast eiendom				
700-789	Refusjoner/overføringer	132 257		4 000	4 744
790	Kalk. inntekt ved komm. tj.ytingsavtale				
800-829	Statlige tilskudd		0		
830-839	Rammeoverføring/tilskudd fra egen komm.				
840-859	Tilskudd fra fellelråd/menighetsråd			25 000	
860-879	Andre tilskudd, gaver, innsamlede midler	369 259	241 334	353 000	327 768
Sum driftsinntekter		701 437	394 607	494 650	384 309
Utgifter:					
010-099	Lønn- og sosiale utgifter		10 000	10 000	2 000
100-299	Kjøp av varer og tjenester	616 676	273 819	84 650	145 225
(300-389)+429	Refusjoner/overføringer, merverdiavgift	132 046	75 000	264 000	100 000
390	Kalk. utg. ved komm. tj.ytingsavtale		0		
(400-479)	Tilskudd og gaver	87 402	136 000	136 000	116 741
Sum driftsutgifter:		836 124	494 819	494 650	363 967
Brutto driftsresultat:		-134 686	-100 212	0	20 342
900-909	Renteinntekter og utbytte	24 624			24 227
920-929	Mottatte avdrag på utlån				
500-509	Renteutgifter og låneomkostn.				
510-519	Avdrag på lån				
520-529	Utlån, kjøp av aksje, andeler o.l				
Netto finansinntekter/-utgifter		24 624	0	0	24 227
590	Avskrivninger				
990	Motpost avskrivninger				
Netto driftsresultat		-110 062	-100 212	0	44 569
Interne finansieringstransaksjoner:					
930	Bruk av udisponert fra tidl. år (overskudd)				348 317
940-949	Bruk av ubundne fond note 1	13 904		42 000	
950-959	Bruk av bundne fond note 3	469 897	100 212		
960	Bruk av likviditetsreserve				
Sum bruk av avsetninger		483 800	100 212	42 000	348 317
530	Avsatt til dekning fra tidl. år (underskudd)	13 904			
540-549	Avsatt til disposisjonsfond note 1				348 317
550-559	Avsatt til bundne fond note 3	100 000			58 473
560	Avsatt til/styrking av likviditetsreserven				
570	Overført til investeringsregnskapet				
Sum avsetninger		113 904	0	0	406 790
580	REGNSKAPSMESSIG MINDREFORBRUK	259 834	0	0	
980	REGNSKAPSMESSIG MERFORBRUK				13 904

Regnskapsskjema - BALANSE Skodje Sokn 2025		Regnskap 2025	Regnskap 2024
Kap x.2	Anleggsmidler	0	0
x.27-x.29	Faste eiendommer og anlegg		
x.24-x.26	Utstyr, maskiner og transportmidler		
x.22-x.23	Utlån		
x.21	Aksjer og andeler		
Kap x.1	Omløpsmidler	1 090 517	1 216 506
x.13-x.17	Kortsiktige fordringer Note 2	141 646	14 400
x.18	Aksjer og andeler		
x.12	Sertifikater		
x.11	Bank bundet		
x.10	Kasse, bankinnskudd drift	948 871	1 202 106
SUM EIENDELER:		1 090 517	1 216 506
EGENKAPITAL OG GJELD:			
Kap 2.x	Egenkapital	1 084 095	1 194 157
x.56-x.58	Disposisjonsfond Note 1	349 619	363 523
x.51-x.52	Bundne driftsfond Note 3	474 642	844 538
x.53-x.54	Ubundne investeringsfond		
x.55	Bundne investeringsfond		
x.5950	Regnskapsmessig mindreforbruk	259 834	
x.5900	Udekket i investeringregnskapet		
x.5960	Regnskapsmessig merforbruk		-13 904
x.5980	Likviditetsreserve		
x.5990	Kapitalkonto		
GJELD			
Kap x.4	Langsiktig gjeld:	0	0
x.41-x.42	Ihendehaverobligasjonslån		
x.43-x.44	Sertifikatlån		
x.45-x.49	Andre lån		
Kap x.3	Kortsiktig gjeld:	6 422	22 348
x.31	Kassekredittlån		
x.32-x.39	Annen kortsiktig gjeld Note 4	6 422	22 348
SUM GJELD OG EGENKAPITAL:		1 090 517	1 216 506
Kap x.9	Memoriakonti:	0	0
x.9100	Ubrukte lånemidler		
x.9200-x.9899	Andre memoriakonti		
x.9999	Motkonto for memoriakontiene		

Noter til årsregnskap 2025 Skodje Sokn

Note 1

Ubundne fond

	Inng saldo	Bruk av fond	Avsatt til fond	Utg.saldo
Disp.fond Menighetsråd	363 523	13 904		349 619
Disposisjonsfond i alt	363 523	13 904	0	349 619

Note 2

Kortsiktige Fordringer

Kundefordringer	9 600
Moms refusjon	132 046
Kortsiktige fordringer i alt	141 646

Note 3

Bunde Driftsfond

	Inng saldo	Bruk av fond	Avsatt til fond	Utg.saldo
B.dr.f. Kyrkjeklubben	9 406			9 406
B.dr.fond, kyrkjelydshus	771 972	-366 503		405 469
B.dr.fond, Prosesjonskors	4 687			4 687
B.dr.fond, Barne- og ungdomsarbeid	58 473	-3 394		55 079
B.dr.fond, Flygel		-250 000	250 000	0
Bunde driftsfond i alt	844 538	-619 897	250 000	474 642

Note4

Annen kortsiktig gjeld

Annen kortsiktig gjeld i alt	
Leverandørgjeld	6 422
Annen kortsiktig gjeld i alt	6 422

Note 5

Endring i arbeidskapital

Fra balansen	Omløpsmidler	Kortsikt.gjeld	Sum
Saldo 01.01.	1 216 506	22 348 6	
Saldo 31.12.	1 090 517	422	
Årets endring i balansen	-125 989	-15 927	

Fra bevilgningsregnskapet	Driftsregnskapet	Inv.regnskapet	Sum
Sum inntekter	701 437		701 437
Sum utgifter	-836 124		-836 124
Eksterne finanstransaksjoner	24 624		24 624
Årets endring i bev.regnskapet	-110 062	0	-110 062

Note 6

Ytelser til daglig leder og valgte medlemmer

Soknet har felles daglig leder med Ørskog sokn, Spjelkavik sokn som alle er tilknyttet Ålesund kyrkjelege fellesråd.

Ålesund kyrkjelege fellesråd er ansvarlig for lønn og møtegodtgjørelse.